

HORDALAND SOGELAG

Referat styremøte 15.februar 2022, og møte med representantar frå sogelaga i Granvin, Eidfjord og Ulvik

Møtet vart halde i Kulturbanken (biblioteket) i Granvin kl. 12.00 til 14.30.

Til stades: Knut Farestveit, John Einarsen, Mikal Heldal, Anne Liv Soldal og Ågot Gammersvik

Granvin sogelag: Gunnar Folkedal.

Venelaget Granvin Bygdatun: Olav Seim og Aleksander Røystrand

Ulvik sogelag: Torbjørn Dyrvik og Finn Johan Gjerde

Eidfjord sogelag: Hans Hellevang

Sakliste

Sak 1/22. Fellesmøte med representantar frå dei tre tilskiparlaga. Me går gjennom planane for dei lokalhistoriske dagane 26. og 27. mars.

Representantane frå dei tre sogelaga la fram forslag til program. Det vart utarbeidd førebels program. Innanfor dei oppsette tidene står lokallaga fritt til å leggja opp program og servering. Det er ynskjeleg med lokal mat. Oversikt over kostnader vert sendt styreleiar og kasserar.

Program for Lokalhistoriske dagar 26-27. mars 2022

Laurdag 26. mars

Kl. 12.00 Ankomst Trudvang, Granvin, til servering av lunsj

Kl. 13.00 Omvising i Granvin bygdatun

Aleksander Røystrand spelar slåttar

Jaunsen Gjestegard

Kl. 15.00 Avreise Granvin

Kl. 15.30 Ankomst Ulvik

Ulvik kyrkje, Olav H. Hauge-senteret, kultursti, 2. verdskrig i Ulvik, Ungdomshuset

Kaffipause

Kl. 19.00 Avreise Ulvik

Kl. 19.30 Ankomst Eidfjord

Kl. 20.00 Festmiddag Vøringsfoss Hotell

Søndag 27. mars

Kl. 9.30 Årsmøte Hordaland sogelag,

Kl. 11.30 Lunsj Vøringsfoss Hotell

Kl. 12.30 Omvising Gamlekyrkja

Bergsli museet /Bergsliskorane (Nils Bergslien)

Gravhaugane på Hereid

Kl. 15.30 Avreise Eidfjord

Kaffistogg Jaunsen Gjestegard Granvin

Sak 2/22 Framlegga til årsmelding og rekneskap for 2021

Styreleiar gjekk gjennom framlegg til årsmelding, som var utsendt på førehand.

Vedtak: Årsmelding for 2021 vart godkjend. Årsmeldinga vert sendt ut saman med innkalling til årsmøtet.

Sak 3/22 Framlegg til medlemspengar frå lokallaga

Kasserer John Einarsen gjekk gjennom framlegg til rekneskap, og manglande inntekter medlemspengar frå 1/3 av lokallaga.

Vedtak: Framlegg til rekneskap vart godkjend.

Kasserer sender e-post og påminning til det einaskilde lokallaga om innbetaling av medlemspengar.

Sak 4/22 Me ser på nokre framlegg frå Bjørn Enes i Memoar.

Styreleiar la fram forslag frå Bjørn Enes om tre prosjekt han ynskjer å engasjera seg i:

1. Digitalisering av audiovisuell kulturarv
2. Lokalhistorisk avdeling ved Bergen offentlege bibliotek
3. Sogelagskontor i Bergen

Vedtak: Bjørn Enes vert invitert til å leggja fram alle tre prosjekta på årsmøtet.

Sak 5/22 Neste styremøte

Styreleiar orienterte om at neste styremøte vert halde i forlenginga av årsmøtet 27. mars

Vedtak: Saka vart teken til orientering.

Sak 6/22 Det vert undersøkt om det er mogeleg å få til eit styremøte saman med Laksevåg lokalhistoriske foreining

Det vart vist til sak på tidlegare styremøte og oppfølging av denne.

Vedtak: Det vert arbeidd vidare med å få til eit fellesmøte på Laksevåg til hausten.

Sak 7/22 Godkjenning av referat frå styremøte 12.10.2021

Referatet var tidlegare utsendt.

Vedtak: Referat frå 12.10.2021 vart godkjend.

Referat 15.02.2022

Ågot Gammersvik